

INVITASJON

RVTS Vest inviterer til gratis temadagar i
Bergen, Stord og Haugesund:

Sjølvsykdom Risikofaktorar og tiltak

Bergen: RVTS Vest, Ulriksdal helsepark, 2. etg. **Tid:** 06.02.13, 10-15

Haugesund: Hemmingstad kultursenter **Tid:** 13.02.13, 10-15

Stord: Info om stad kommer **Tid:** 14.02.13, 10-15

Påmeldingsfrist: 1. februar

[Meld deg på via våre nettsider](#)

Målgruppe: Avdeling for psykisk helse i kommunane, helsesøstre, PPT, Helsestasjon for ungdom, OT m.m

Det vert servert enkel lunsj, kaffe/te.

Førelasarar er Anne Marita Milde og Else-Helen Stokkvik. Begge er tilsett i fagteam sjølv-mordsførebygging ved RVTS Vest

Anne Marita Milde vart uteksaminert som psykolog ved Universitetet i Bergen i 1997. Hun har jobba som psykolog i Oppfølgings- og PPT tenesta for vidaregåande skular i Hordaland frå 1997 til 2000. Frå 2000 var ho stipendiat ved UIB fram til 2004. Etter ein periode med postdoktorstipend tok ho permisjon for å fullføre spesialistgrad i klinisk psykologi og jobba i Consult Liaison og i sengepost ved vaksenpsykiatrisk avdeling, Helse Bergen til ho fekk fast stilling som Førsteamanuensis ved Institutt for Biologisk og Medisinsk Psykologi i 2006. Ho er forskningsgruppeleiar for RECSS (Research Group on Experimental and Clinical Stress and Sleep) og har ein bistilling som psykologspesialist ved RVTS Vest. Milde si forskning omfattar både grunnforskning på dyr og klinisk forskning, og hovudfeltet hennar er stress; traumatisk stress, tidleg livsstress, endokrinologi, psykosomatikk, atferd og helse. Ho har spisskompetanse på fordøyelseslidningar og sjukdommar, og har klinisk erfaring med unge, vaksne og eldre frå første- og tredjelinetenesta. Undervisning, rettleiing og forskningsformidling inngår i hennar arbeid.

Else-Helen Stokkvik er utdanna sjukepleiar ved Haugesund sjukepleiarhøgskule i 1989. Var ferdig psykiatrisk sjukepleiar i år 2000 og fullførte vidareutdanning i Sjølv-mordsførebygging arbeid ved Seksjon for selvmordsforskning og - forebygging (SSFF), Universitet i Oslo, i 2005. Har 50 % stilling i Fagteam sjølv-mordsførebygging og arbeider 50 % ved Psykiatrisk klinikk, Haugesund sjukehus i eit konsultasjonsteam. Else-Helen har arbeida med sjølv-mordsførebygging sidan våren 2002. Var prosjektansatt i "Tiltak mot selvmord" frå denne tid og fram til tilsetjinga ved RVTS-Vest i 2006. Ho har tidlegare arbeida 2 år på somatisk sjukeheim, og har sidan hausten 1991 vore tilsett ved Psykiatrisk klinikk, Haugesund sjukehus, både ved Akutt psykiatrisk post og Poliklinikk. Har fleire års erfaring med vurdering av pasientar etter sjølv-mordsforsøk, og har undervist og veileda i tema knytta til sjølv-mordsproblematikk og sjølv-mordsførebygging. I tillegg har ho erfaring frå arbeid med etterlatne etter sjølv-mord ved å vere styremedlem i LEVE (Landsforening for etterlatte ved selvmord), og dreve sorggruppe for etterlatne etter sjølv-mord.

Merk: Dersom du har meldt deg på, men likevel ikkje kan komme, må du gje beskjed i god tid på rvts@helse-bergen.no. Dersom du ikkje gjer beskjed, vil du bli belasta med 250,-.